



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Ellen Johnsen Haaberg / 51911382	Vår referanse: 15/233820-8	Deres referanse: 2015/10633	Vår dato: 07.04.2017
-----------------------------------	---	-------------------------------	--------------------------------	-------------------------

### Uttale til planforslag – Regional transportplan Hordaland 2018–2029

Statens vegvesen viser til planforslag Regional transportplan Hordaland 2018–2029, sendt 24. februar 2017.

Statens vegvesen ser det som positivt at Hordaland fylkeskommune ser fleire regionalplanar i samheng, og er tydelege på at det er gjensidig forplikting mellom tiltak i dei ulike planane. Vi saknar omtale av korleis dette skal følgast opp i praksis.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har også vore på høyring. Statens vegvesen har sendt eigen uttale til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Vi har i tillegg følgande generelle innspel og kommentarar som gjeld både planforslaga Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional transportplan for Hordaland;

- Vi saknar omtale av ulik virkemiddelbruk i ulike område; t.d skilnad mellom by/land, og på overordna/øvrige fylkesvegnett.
- Vi saknar også omtale av framtidige utfordringar på fleire område.
- Bør vere meir tydeleg på konsekvens av (for små) økonomiske rammer og korleis prioriterer etter det.
- Kva tiltak bidrar til å nå målet om 30% reduksjon i klimagassutslepp, og korleis bidrar dei ulike tiltaka?
- Kva er klima- og helsevennleg utbyggingsmønster, og korleis sikre at ein oppnår det?
- Vi saknar omtale av verktøy for å styre arealbruk, slik at ein oppnår målet om reduksjon i transportbehov med personbil, og auke i aktiv transport som sykling og gåing.
- Parkering som virkemiddel er lite omtalt.
- Korleis fremje sykling, gåing og kollektiv; vi saknar tallfesta mål for kva ein vil oppnå, og omtale av kva som må til for å nå dit?

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Bergelandsgata 30  
4012 STAVANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Under er våre innspel og kommentarar til framlegget til Regional transportplan for Hordaland 2018–2029.

### **Struktur på planforslaget**

Regional transportplan for Hordaland 2018–2029 er eit omfattande dokument.

Ein kan med fordel ta ut kapittel 7 *Transport i Bergensområdet* og kapittel 8 *Regionsenter*. Måla og strategiane kan inkluderast i kapittelet *Fylkesvegnettet* og kapittelet om *Kollektivtransport*.

Vi ser at det har vore nyttig – og gode grunnar til – å skilje ut plantemaene Transport i Bergensområdet og Regionsenter i sjølve planprosessen, men ved å slå saman dei fire kapitla vil ein oppnå fleire fordeler i den endelege planen.

På dette vis vil ein få logisk samanheng mellom kapittelet *Fylkesvegnettet* og *Investeringsprogram for Fylkesvegnettet*. Dermed vil det og være meir tydeleg at det skal satsast på regionsenter og Bergensområdet i investeringsprogrammet, og det blir lettare for samarbeidspartar og andre interesserte å forstå samanhengen.

Andre positive verknadar ein samanslåing av kapitla vil få, er:

- Det vert meir ryddig og oversikteleg kva mål og strategiar som gjeld for fylkesvegane i Hordaland
- Ein reduserer behov for gjentakingar
- Ein reduserer usikkerheit om kva som er politikken for tema som t.d gåing og sykling

## **Kap 2 Mål og strategiar**

### **Mål**

Generelt vil vi seie at dokumentet innleiingsvis er tydeleg på kva mål som gjeld, men vi saknar talfesta mål på viktige område t.d år det gjeld mål for framtidig reisemiddelfordeling. I tillegg saknar vi omtale av fleire av delmåla under kvart hovudmål.

Fleire delmål vert heller ikkje følgt opp med strategiar. Nokre delmål vert gjentatt, som t.d *Nullvisjon – eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde*. Nokre delmål er formulert som påstandar eller er utydelege på andre måtar, t.d *Overgang til låg- og nullutsleppsteknologi*.

### **Strategiar**

Prinsippa om porteføljestyring bør forklarast nærare. Samstundes er det utydeleg korleis og kva delmål i t.d *Fylkesvegnettet* som danner grunnlag for porteføljestyring av konkrete tiltak/prosjekt.

### Kap 3 Utviklingstrekk og utfordringar

Kapittelet inneheld ein oversikteleg og god omtale av utviklingstrekk og dagens situasjon i heile transportsystemet i Hordaland.

Vi saknar tydeleg omtale av kva som er fylkeskommunen sine utfordringar som følgje av dagens situasjon. Eksempelvis kan vi nemne; Kva er utfordringa ved stort etterslep på fylkesvegnettet? Kvar ligg utfordringane med dagens reisemiddelfordeling? Er det ein utfordring at Hordaland har lågare andel syklistar og gåande enn resten av landet? Kva er utfordringa med dagens arealbruksmønster? Er det utfordringar knytt til støy og høg luftforureining?

### Kap 4 Økonomiske rammer og overordna prioriteringar

Dette kapittelet gir ein god og oversikteleg omtale av kva ulike midlar, tilskot og finansieringsformer som er tilgjengelege for bruk i samferdselssektoren.

Vi saknar ein tydeleg omtale av den overordna prioriteringa av korleis desse midlane skal brukast, utover tabellen i figur 13 på side 32. I tabellen kunne rammer til drift og vedlikehald vore inkludert.

### Kap 5 Fylkesvegnettet

#### Hovudmål

Statens vegvesen vil støtte fylkeskommunen i at det viktigaste målet for fylkesvegnettet i perioden er at: *Hordaland skal ha eit trafiksikkert, framkomelig fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe forfallet.*

Låg driftsstandard og manglande vedlikehald går ut over trafikktryggleiken og framkome og heng soleis saman. Vi ser at utfordringane og konsekvensane med forfall på eksisterande vegnett veks i Hordaland, og ser det som positivt at fylkeskommunen ønskjer å ta tak i utfordringane.

Ved å auke satsing på standardheving, ser vi i plandokumentet eit skifte frå store kostbare investeringsprosjekt til å satse meir på opprusting og oppgradering av eksisterande fylkesvegnett. Dette ser vi som positivt, då slike investeringar vil kunne bøte på manglande vedlikehald.

Vi vil likevel uttrykke ei bekymring for at rammene til drift og vedlikehald som RTP skisserer, vil det vere ei urealistisk målsetting å stoppe forfallet i perioden. Vi viser til det som står på s. 32:

*«Det er lagt til grunn at den økonomiske ramma til drift- og vedlikehald i 2017, på om lag 500 mill. kr, vil bli vidareført i perioden 2018–2021, slik det er fastsett i budsjett og økonomiplanen 2017–2020. Av denne ramma går om lag 425 mill. kr til drift og 75 mill. kr til vedlikehaldstiltak.»*

Det er behov for ei samla løyving til drift- og vedlikehald på minst 1 mrd. kr i året for å stoppe veksten i forfallet. Soleis er ikkje ei årleg løyving på 280–300 mill. kr til standardheving og 500 mill. kr til drift- og vedlikehald nok. Store delar av standardhevingsmidlane vil måtte gå til å oppgradere tunnelar. Oppgraderingane etter tunneltryggleiksføresegna er ikkje vedlikehaldstiltak, men nyinvesteringar i tunnelane.

Dekke (asfalt) har ei estimert levetid i beste fall på 20–25 år. Med ei satsing på dekkelegging som skissert i planforslaget, vil tilhøva på fylkesvegnettet verte mykje dårlegare på kort sikt. Store deler av fylkesvegnettet har allereie ein dekkestandard som er forbi og nær levetida si. Dersom ramma til asfaltering skal være på same nivå som tidligare, vil det gå over 50 år mellom kvar gong vi kan legge asfalt same stad.

Statens vegvesen ser at fylkeskommunen i dette planforslaget tar tydelege grep for å prioritere vedlikehald framfor midlar til nye vegprosjekt, og vi støttar denne prioriteringa.

Med gode langsiktige strategiar kan det vere realistisk å starte å redusere forfallet på fylkesvegnettet i slutten av perioden, nokre år etter at tunnelane er oppgraderte.

### **Delmål**

Delmålet; *Drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organisertast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.* Vi forstår dette delmålet som at drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal utførast med rett kvalitet og til rett kostnad.

Vidare er det noko uklart kva som er meint med fyrste setning under 5.2 – *Manglande ressursar til drift og vedlikehald, har over tid medverka til det store forfallet på fylkesvegnettet i Hordaland.* Vi antek det er manglande løyvingar som er tenkt på.

### **Ta i bruk fleksibilitet i vegnormalane**

Statens vegvesen støttar at det er viktig å ha eit bevisst og avklart forhold til standardval.

Strategiar knytt til dette temaet kan presiserast. T.d kan strategien: *Vere tydeleg på standardval i tidleg fase av nye vegprosjekt* skrivast slik: *Vere tydeleg på standardval ved oppstart av planarbeidet for nye vegprosjekt.*

## **Kap 6 Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport**

Kapittelet har innleiingsvis omtale av hovudmål og delmål som er gode. Deretter er det omtale av (ulike?) kollektivstrategiar, som også beskriv tiltak. Det er uklart om tiltaka som er nemnt i kollektivstrategiane skal gjennomførast i tillegg til dei tiltaka som er omtalt under punkt 6.4.

## **Kap 7 og 8**

Som nemnt innleiingsvis i uttalen, rår Statens vegvesen til at desse kapitla blir innarbeidd i kapittel 5 og 6.

**Vedlegg – Handlingsprogram 2018–2021**

Vi saknar ivesteringsprogram for fylkesvegnettet som ein del av handlingsprogrammet. Dette er eit viktig tiltak for å følgje opp Regional transportplan.

Vi vil takke for samarbeidet så langt, og ser fram til vidare samarbeid.

Veg- og transportavdelinga  
Med hilsen

Hanne Hermanrud  
Avdelingsdirektør

Haaberg Ellen Johnsen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*